

Referat FAU - Hognestad skule 25.11.25

Til stades:

Eva Madeleine Auglend, 1.trinn

Silje Fosse, 2.trinn

Ingrid Underhaug Nielsen, 3.trinn

Helene Hognestad, 4.trinn

Heidi Sortland, 5.trinn

Henriette Njølstad Haugland møtte for John Sægrov Holm, 6.trinn

Kristian Hognestad, 7.trinn

Ingveig Nærland Ødegård, rektor

21. LLE Status

LLE består av Ingveig, helsesjukepleiar, PPT-kontakt og SFO rep.. Lag 1 handlar om å halde eit "grønt" nivå på skulen, her arbeider vi førebyggjande og med kompetanseheving. Laget 2 kan ta tak i enkeltsaker. Føresette kan melde inn saker til Laget, som kan drøfte korleis skulen kan arbeide for å hjelpe eleven. Laget har arbeidd med Ungdata-undersøkinga den siste tida, og sett kva som er relevant for Hognestad skule. Elles er nasjonale prøver, digital praksis i oppvekst og handlingsplan viktige saker for LLE.

22. Julefest og juletre i skulegarden torsdag 18. desember

17.30-19.00.

FAU/klasserepresentantar møter ein time før. Me treng ein frå kvar klasse til å vere med å arrangera dette.

Ingveig lager innkalling slik den var i fjor, FAU som arrangerer dette.

FAU ønsker å ha arrangementet likt som i fjor.

Alle klassane stiller med 1 kake. Vi bestiller 4 vanlege pepperkakebokser og 1 gluten/melke/nøttefri (7. klasse - Toro).

Kaffi koker vi nede i hallen. Vi koker ei kanne med vatn òg slik at vi får brukt opp teposer fra kiosken i Klubbhuset.

Kristian tek ansvar for handlinga. Fruktkorg, pepperkaker, kaffi, ei loddbok, saft og nokre serviettar (har glas og koppar).

Juletre blir sett opp laurdag før turnavslutning.

Ingrid vil spele dei same 4 songane som i fjor. Alle blir med og går rundt treet (blande dei store og små, fadrane går med fadderbarna, og føresette bør òg gå inn imellom for å halde ro. Ingveig og lærarane riggar scene og piano dagen før. Hugs pedal til pianoet.

23. Resultat nasjonale prøver

Skulen analyserer tala. Lesing er ganske stabilt over tid på 5. trinn. Viss det er eit lite kull kan enkelte elevar gje store utslag viss det t.d er dysleksi eller andre utfordringar. Prøvene viser ikkje helt den løftinga me ynskjer frå 5.trinn til 8.trinn i lesing, ser det same med alle skulane i kommunen.

Tolking, forståing og uthald til å lese ein heil tekst er vanskeleg.

Rekning er ganske stabilt på 5.trinn.

Engelsk litt lågare på 5.trinn enn elles i Time kommune, men få elevar frå Hognestad på dei lågare nivå i 8., det er bra.

Dei ulike klassane har sine satsingsområde.

24. Nytt frå KFU

Nytt møte neste veke der det også vil bli vist resultat frå nasjonale prøver for heile kommunen.

Sist møte blei mobilfri kvardag og digital plan diskutert.

Generell informasjon frå fagstab, planarbeid, trafikk og økonomi for skulane er også tema

25. Foreldremøte i mars. Kva går me for?

Nestleiar forhøyrer seg om passande foredrag rundt barn og mobilbruk/deltaking på nett. Mobilbruk/sosiale medier er eit aktuelt tema og ei endring verkar å være på trappene. FAU er positive til å ha dette som tema.

Bestilling: utfordringar kring skjermbruk, sosiale medier, nettvett.

Kan flytte dag dersom det blir betre. Vi må marknadsføre dette for føresette slik at me får godt oppmøte.

26. Påskekudsteneste og påkesamling på skulen

Kyrkja ønsker å invitere Hognestad til påskekudsteneste.

Ein tur i kyrkja gjer at me får dekkja fleire av måla i læreplanen på ein praktisk måte.

Det kan bli ein fin samling der elevane kan få sine ansvarsområde og få bidra inn i gudstenesta. (truleg sykkel for storskule, transport for småskulen)

27. BUK

Barn- og unges kommunestyre 26.11.25

Skal dei gå gjennom data frå UngData.

Elevane har førebudd seg ved å sjå gjennom kva som var bra og kva som var negativt i undersøkinga, og funne gode resultat å oppretthalde og kva dei vil arbeide med.

Mellom 80-90% av ungdommane i UngData svarar at dei har nokon å vere med i friminutta. Dette kjenner elevane her på Hognestad seg att i og vil presentera dette.

BUK har 150.000 å bruke til noko i år. Hognestad sitt forslag er gapahuk og bål plass i Sandtangen.

28. Plakat frå FAU

Representantar frå FAU har laga plakatar for å vise fram Hognestad skule. Desse plakatane er hengt opp på Rema 1000 Håland og Haugland gardsbarnehage, samt på «Me Æ Hognest»

29. Sosialt i klassane. Status og organisering.

Alle har gjort det dei skal.

God arena og møtast både for ungane og føresette.

Me kan dele gode opplegg og erfaringar frå dette før ny runde til våren.

30. Permisjon frå grunneskuleopplæringa. Sendt til orientering. Kommentrar?

Strengte reglar frå kommunen. Ingveig kan sei nei til permisjonar.

31. Anna

Hei verda: Veldig kjekt, gode tilbakemeldingar

Bokse-SFO: Fått tilbud om frivillig introduksjon til boksing i SFO tid om FAU/Foreldre er interessert. Vi tek dette opp i neste FAU-møte.

Referat av Eva Madeleine Auglend